



# Fritidsbustadundersøking

Seljord kommune 2023



# Innholdsliste

## Oppsummering

### 1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

### 2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

### 3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

### 4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Seljord kommune heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

### 5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

### 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Seljord kommune

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Seljord kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevelingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

### 7. Tilrettelegging i fritidbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleveling av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleveling av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

### 8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

### 9. Berekraft på reisemålet

9.1. Seljord kommune som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

### 10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Seljord kommune som reisemål

# Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Seljord kommune** sine haldningar og meininger om Seljord kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

## 1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 6% av alle eigarar av fritidsbustader i Seljord kommune, basert på ei undersøking med 87 respondentar.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgruppe med 55,2% menn og 44,0% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (34,5%).
- Fritidsbustadeigarane på Grimås og i Åmotsdal står for størsteparten av svara.

## 2. Bruk og sesong:

- 86,2% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og påska er ei populær tid for bruk.

## 3. Framtidig bruk:

- 69,9% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 26,8% planlegg å bruke den meir.
- Årsaker for auka bruk er at barn flytter heimanfrå og pensjonisttilvære.
- 3,3% forventar å bruke den mindre.

## 4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til å eige fritidsbustad i Seljord kommune er å vere i naturen (90-94%). Andre viktige faktorar inkluderer passande avstand frå heimen (85,9%) eller at dei har overteke/arva fritidsbustad (42,3%)
- Over 77,9% meiner at å nyte roa er ei svært eller ganske relevant årsak til å bruke fritidsbustaden i Seljord kommune.

## 5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- 81,6% meiner det er svært viktig å vere i naturen
- 93% meiner at vandreturar på eiga hand er ganske viktig eller svært viktig.
- Aktivitetar som langrenn (67,5%) og toppturar om vinteren (57,1%) er populært
- Mange er nøgde med tilrettelegging av parkeringsplassar og skilting og informasjon av vandreruter.

## 6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 10,5% meiner det er for mange fritidsbustader i Seljord kommune, medan 61,7% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- Majoriteten meiner at Seljord kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolking (66%).
- Interessa for å gjere energisparande tiltak er god (40,7%)
- 55,3% har ikkje straum/innlagd vatn
- 32,2% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge.

## 7. Oppleving av reisemålet:

- Mange er nøgde med opplevinga av Seljord kommune som reisemål. 82,7% gjev reisemålet poeng mellom 7-10, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.)



# 1. Bakgrunn og respons

---

## 1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustad i Seljord kommune.

Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023.

Seljord kommunen er, med sine 2961 innbyggjarar, den andre største i innbyggjartal av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Totalt har 87 respondentar svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 1457 fritidsbustader i Seljord kommune.<sup>2</sup> Det vil seie at omlag 6% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga. 10% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Seljord kommune

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Det var krevjande å nå ut til fritidsbustadeigarane i Seljord kommune. Det er relativt få hytteforeiningar og vel i kommunen. Fritidsbustadene er meir spreidd omkring i, og det er ikkje like stor tettleik av fritidsbustader, slik det er i andre kommunar i Vest-Telemark. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i dei ulike fritidsbustadområda blei i stor grad nytta.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisere seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for første gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ynskjer å arbeide systematisk og langsiktig

med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svare på indikatorane i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Seljord kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).


**Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.**

## 1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader i Seljord kommune er mindre enn dei andre kommunane i Vest-Telemark. Det er 0.49 fritidsbustader pr. innbyggjar i Seljord kommune.<sup>3</sup>

Kommunen har 1457 fritidsbustader. Seljord kommune er ein av kommunane i Vest-Telemark som ikkje har hatt auke i fritidsbustader dei siste ti åra. Med -0,27% endring av tal fritidsbustader frå 2012-2023 er Seljord den kommunen i Vest-Telemark med minst endring i tal fritidsbygg dei siste 10 åra (sjå tabell 1).

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for Seljord kommune, kor fleirtalet av respondentar eig fritidsbustad i området Grimås (69%) og Åmotsdal (32,2%).



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar or. Kommune (SSB)

	Innbyggjarar	Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023		
<b>Seljord</b>	2961	1461	1457	-0,27 %	0,49
<b>Kviteseid</b>	2446	994	1306	31 %	0,53
<b>Nissedal</b>	1459	2117	2588	22 %	1,77
<b>Fyresdal</b>	1234	1327	1409	6 %	1,14
<b>Tokke</b>	2201	1288	1383	7 %	0,63
<b>Vinje</b>	3858	4343	5824	34 %	1,51
<b>Sum</b>	<b>14159</b>	<b>11530</b>	<b>13967</b>	<b>21 %</b>	<b>0,98</b>

Tabell 1: Utvikling i tal feriebustader pr. kommune i perioden 2012-2023 (SSB)

<sup>3</sup> Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4  
Hytteturisme



## 2.1 Respons

Totalt 87 respondentar opna undersøkinga. Av totalt 1457 fritidsbustader i Seljord kommune utgjer dette 6% av alle eigarar av fritidsbustader i kommunen.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall<sup>4</sup> på 95% får me ein feilmargin på 10%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 50% og 70% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.

<sup>4</sup>Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

## 2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfold av respondentar:

### Kjønn:


- 55,2% av respondentane er menn
- 44,0% er kvinner

### Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjer ein del på 34,5%
- 23,0% er i aldersgruppa 40-49 år
- 23,0% i aldersgruppa 60-69 år

### Bustad:

- 46,2% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 17,9% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 10,3% er frå tidlegare Akershus fylke
- 9,0% er frå Oslo fylke
- 5,1% er frå tidlegare Buskerud fylke
- 3,8% er frå tidlegare Østfold fylke
- 3,8% er frå Vestland fylke
- 1,3% er frå Agder fylke
- 1,3% er frå Rogaland fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 78)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 87)



### 3. Om fritidsbustaden



Foto: Mirjam Thorkildsen Schade

### 3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.


Om lag 4,5% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Seljord kommune. Respondentane som eig fritidbustad i Seljord har hovudsakeleg fritidbustad på Grimåsen (48,3%) og Åmotsdal (32,2%). 2,3% svarar Garvik og Svartdal.

14,9% svarer «Anna» og presiserer at dei har fritidbustad på følgjande stader:


- Kvambekkheia (5 stk.)
- Gjevarvatn (3 stk.)

Eit par stykk svarer: Sudbø, Seljordshei, Bjørge og Grunningsdalen.

Det blei sendt ut kontaktinformasjon til forskjellige hyttevel i Seljord kommunen, men flest svar blei henta inn ved hjelp av Facebook-grupper knytt til hyttevel og hytteområde. I Seljord kommune er Grimåsen og Kvambekkheia områda med størst tal og tettleik av fritidbustader.




Figur 4: I kva for ein kommune i Vest-Telemark har du eller familien din fritidbustad? (N = 1951)



Figur 5: Kvar i Seljord kommune har du fritidbustad? (N = 87)

## 4.1. Seljord kommune heile året



På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 86,2% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Seljord kommune har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er litt fleir som nyttar fritidsbustaden i påska (13,8%) og på sommaren, juni til august, (11,5%).


Figur 6: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (Fleirval) (N=87)

## 4.2 Brukarar og bruksfrekvens


På spørsmål om kor mange døgn i året fritidsbustaden blir brukt, svarer 32,2% at fritidsbustaden blir brukt mellom 21-30 dagar i året. 23,0% bruker fritidsbustaden meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 48,3% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 27,6% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 16,7% som har med seg eit barn, 39.4% som har med 2 barn, og 27,3% har ikkje barn med i fritidsbustaden.



Figur 7: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=87)



Figur 8: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 87)

## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Den framtidige bruken til eigarar av fritidsbustad i Seljord kommune er i stor grad positiv. 55,2% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 41,4% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

3,4% av respondentane svarer at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer tre respondentar av alle som svara på spørsmålet.






Foto: Kasper M. de Thurah




Figur 9: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida?  
(N = 87)

## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire har barn som flytter heimanfrå. 47,1% oppgjev det at barna flytter heimanfrå som årsak til auka bruk. 44,1% svarer at pensjonisttilvære er årsaka til auka bruk i framtida. 23,5% oppgjev at betre standard på fritidsbustaden er årsak til auka bruk i tid som kjem.



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 34)



Figur 11: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 3)



## 5. Utleige av fritidsbustaden




## 5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma i Vest-Telemark. Det er det ingen lokale utleigefirma i Seljord kommune.

97,7% av dei som svara på spørsmålet leiger ikkje ut fritidsbustaden sin.

Vidare svarer 68,2% at det ikkje er aktuelt å leige ut fritidsbustaden, uavhengig av leigeinntekt.



Figur 12 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=87)



Figur 13 Kan du tenke deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=85)




Foto: Kasper M. de Thurah

# 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

---



Foto: Dag-Willy Mæland

## 6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Seljord kommune


Det er naturen og turområda i Seljord kommune, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i regionen. Det oppgjev 90-94% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (85,9%).

42,3% meiner at ei ganske eller svært relevant årsak for å eige fritidsbustad i Seljord kommune er at dei har overteke/arva.

40,4% har slekt/røter i området, og meiner at det er ei ganske eller svært relevant årsak til å eige fritidsbustad i Seljord kommune.

56,1% svarer at aktivitetstilbodet i området er ei ganske eller svært lite relevant årsak til å eige fritidsbustad i Seljord kommune.

53,7% svarer at kulturtilbodet i området er ei ganske eller svært lite relevant årsak til å eige fritidsbustad i Seljord kommune.



Figur 14 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Seljord kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=86)

## 6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Seljord kommune?

«Falt for stedet og utsikten.»

«Nærhet til bosted. Snørikt. Flott natur.»

«Imøtekommende kommune som forstår oss hytteeiere . Går fint å samarbeide med kommunen.»

«Lite hyttefelt. God avstand mellom hyttene. Stille og rolig.»

«Snøsikkert, jakt- og fiskemuligheter, toppturer»

«Vurderer å flytte. Mangler alpinanlegg. Burde vært mulig å få til dette på Grimås.»

«Akseptabel hyttepris, spredt bebyggelse og lite infrastruktur.»

«Grimås er fineste området av Lifjell.»

«Lite til salgs i andre kommuner.»



Foto: Visit Seljord

Fantastisk **Hytte** Klima  
Området Fint Fiske  
Vinter **Natur** Sommer  
Lite Hatt Familie  
**Flott Snøsikkert** Viktig Nærhet

Figur 15: Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Seljord kommune? (N = 16)

## 6.2 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden


Av dei 87 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 98,6% at hovudårsaka er å nyte roa. Av dei meiner 77,9% at det er *svært viktig* å nyte roa.

90,8% meiner det er ganske eller svært viktig å vere aktiv i naturen på sommaren.

83,7% meiner det er ganske eller svært viktig å vere aktiv i naturen på vinteren.

85,9% svarar at det er svært eller ganske viktig å vere saman med familie og vener.

75,6% svarer at organiserte aktivitetar er ein ganske eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt.



Figur 16: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=87) (Fleirval)

## 6.3 Aktivitetar og opplevingar

Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Seljord kommune er å vere i naturen. 81,6% meiner det er ein svært viktig aktivitet. 17,2% meiner det er ganske viktig.


Vandreturar på eiga hand er ganske eller svært viktig for 93,0% av respondentane.

67,5% svarer at langrenn er ein ganske eller svært viktig aktivitet.

57,1% svarer at fjellski/topptur om vinteren er ein ganske eller svært viktig aktivitet når dei er i fritidsbustaden sin.




Foto: Visit Seljord



Figur 17: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Seljord kommune?  
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=87)



Foto: Erik L. Bull-Hansen



Figur 18: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Seljord kommune (N = 74)

## 6.3 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Seljord kommune svarer 59,5% at betre informasjon er ein viktig faktor. 25,7% meiner at tilboda kunne vore betre. 24,3% svarer «Anna».

Dei som har svara «Anna» presiserer:

«Seljord/ Grimås burde samarbeide om Alpinanlegg. Fantastiske muligheter her oppe. Alltid snørikt og uendelige muligheter for nedfarter.»

«Trenger ikke flere tilbud, er på hytta for å nyte stillhet og natur.»

«Vet ikke, benytter gjerne tilbud i Åmotsdal om det passer, men drar primært på hytta for å være der og på fjellet.»

«Lite oppkjørte langrennsløyper i Seljord.»

«Ønsker å bruke tiden på hytta, ikke andre aktiviteter.»

«Trives slik det er.»




## 7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



Foto: Morten V. Pettersen

## 7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 19: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Seljord kommune? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikke relevant (N = 87)


På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:

- 69,8% at dei er ganske/svært nøgd med parkeringstilbodet.
- 60,4% er ganske/svært nøgd med skilting, informasjonstavler og tilrettelegging av varndreruter.
- 45,3% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast/sorterast.
- 44,8% er ganske/svært *misnøgde* med breiband-, fiber- og mobildekning.
- 39,1% er ganske/svært *misnøgde* med avstand til sorteringpunkt i fritidsbustadområdet.

## 7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er i følgjande påstandar kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:


- 7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.
- 7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.
- 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv.
- 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 87)

## 7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 27,6% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 34,5% er ganske eller svært ueinige.
- 58,6% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkinga er positive til fritidsinnbyggjarane. 11,4% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 21: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar.  
(N=87)




Figur 22: Eg opplever at befolkninga i Seljord kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar  
(N =87)



Figur 23: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Seljord kommune er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=86)



Figur 24: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=85)



Figur 25: Eg er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=86)

## 7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 65,1% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Seljord kommune er serviceinnstilte.
- 43,5% er svært eller ganske einige i at der viktig at bedriften nyttar miljøsertifiserte.
- 62,8% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

### 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

- 37,6% er nøytrale til om dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 25,9% er ganske/svært einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 28,2% er ganske/svært ueinige.




Foto: Grimås løypelag




Figur 26: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=85)

## 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

- 50,0% er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Seljord kommune.
- 10,5% er svært eller ganske *einige* i at det er for mange fritidsbustader i Seljord kommune.
- 24,4% er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda.
- 61,7% er svært eller ganske *einige* i at det bør stillast strengare krav.



Figur 27: Eg tykjer det er for mange fritidsbustader i Seljord kommune (N=86)



Figur 28: Det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N = 86)



## 8. Innkjøp i lokalsamfunnet



Foto: Tom Verner Karlsen


## 8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved lengre opphold svarer 67% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.

Ved helgeopphold svarer:

- 38% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg
- 32% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 29% handlar heime før dei reiser



Figur 29: Ved lengre opphold (N = 87)




Figur 30: Ved helgeopphold (N = 87)

## 9. Berekraft på reisemålet

---






Figur 35: I kva grad er du einig i utsegna: Seljord kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning (N = 87)

## 9.1. Seljord kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Fyresdal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning?

- 25% svarer at dei er svært einig i utsegna.
- 41% svarer at dei er litt einig i utsegna.
- 32% er nøytrale til utsegna.
- 1% er litt ueinige i utsegna.

## 9.2. Energisparing i fritidsbustaden




Figur 31: Er du interessert i å gjøre energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak  
(N = 86)

40,7% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjøre energisparande tiltak.

55,3% av respondentane har ikkje straum/innlagd vatn

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (44,7%)
- Installasjon av solcellepanel (32,9%)




Figur 32: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 85)

## 9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden


Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til hytta var eit fleirvals-spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 78,2% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 32,2% bruker elektrisk bil.

80,2% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden med kollektivtransport i Seljord kommune.

15,1% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast kollektivløysingar som gjer at ein kjem enkelt frå buss-/togstasjon og heilt fram til hytta.



Figur 33: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=87)



Figur 34: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=86)



# 10. Den samla opplevelinga av reisemålet

---




## 10.1. Den samla opplevinga av Seljord kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Seljord kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 36% er svært ueinige i utsegna
- 33% er ganske ueinige i utsegna
- 3% er ganske einige i utsegna
- 1% er svært einige i utsegna




Figur 36: I kva grad er du einig i utsegna: Seljord kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N=87)

## 10.1. Den samla opplevinga av Seljord kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Seljord kommune? Her er 31,0% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 51,7% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 17,2% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 37: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Seljord kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd). (N=87)